



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Sogndal vidaregåande skule



Statens Vegvesen
Region vest, FTU-midler
Askedalen 4
6863 Leikanger

SØKNAD OM FTU-MIDLAR

Trafikkdag for avgangselevar

Sogndal vidaregåande skule har i fleire år hatt fokus på trafikktrygging i samband med russetida. Vi har eit godt samarbeid med fleire aktørar som Vegstasjonen, Politi og Røde Kors i samband med trafikktryggingarbeidet vårt. Opplegget går på haldningsskapande arbeid opplæring og informasjon. Rett før russesleppet har vi ein trafikkdag for alle våre avgangselevar både på yrkesfag og dei studieførebuande utdanningsprogramma. Vi inviterar og samarbeider med trafikkstasjonen, politi og Røde kors, helsesøster/lege, SMISO med informasjon og aktivitetar i tillegg til matserving. Tilbakemeldingane frå elevar og samarbeidspartar har vore gode. Vi søker difor om **13.000,-** til mat og frikjøp av tid til tilsette og samarbeidspartar som jobbar ekstra i samband med dagen. Ein slik trafikkdag vil treffe over 300 ungdomar i gruppa 17 – 19 år.

Refleksaksjon

Skulen har laga/trykt eigne refleksar og ynskjer å dele ut til elevane i ulike samanhengar. Miljøkoordinatorar ved skulen organiserer eit opplegg til utdeling av refleks. Vi søker om **kr 10.000,-** å dekke utgiftene ved trykking.

Kontaktperson er:

Jorunn Margrethe Vigdal ,Pedagogisk leiar tlf. 48101594, Jorunn.Margrethe.Vigdal@sfj.no

Beste helsing

Ole Jørgen Øygarden
Rektor

Jorunn Margrethe Vigdal
Pedagogisk leiar

Postadresse:	Lunnamyri 2, 6856 Sogndal	Telefon:	57 67 64 00
Besøksadresse:	Lunnamyri 2– Sogndal	Telefax:	57 67 64 90
Org.nr.:	974 571 056	E-post:	postmottak.sogndalvgs@sfj.no
Bankgiro:	3781.07.00050	Internettadr.:	http://www.sogndal.vgs.no